Vedlegg 3. Overordna føringar

Overordna føringar for lokalt arbeid med trafikktryggleik

Det finst fleire overordna nasjonale og regionale føringar for kommunane sitt arbeid med trafikksikring. Desse planane gjeld:

NASJONALE FØRINGAR:

Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2018 – 2021

Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2018–2021 er ein fireårig plan for trafikksikkerheitsarbeidet i Noreg. Planen er eit samarbeid mellom Statens vegvesen, Politiet, Helsedirektoratet, Utdanningsdirektoratet, Trygg Trafikk, fylkeskommunane og sju storbykommunar. I tillegg har ei rekke andre offentlege aktørar på nasjonalt nivå og om lag 20 interesseorganisasjonar bidratt til planen.

Nasjonal transportplan 2018 – 2029

I Meld. St. 33 (2016-2017) *Nasjonal transportplan 2018-2029* vidarefører regjeringa nullvisjonen om ingen drepne eller hardt skadde i vegtrafikken, og legg opp til eit nytt ambisiøst etappemål om maksimalt 350 drepne og hardt skadde i 2030. Regjeringa vil i planperioden rette innsatsen mot følgjande fem hovudområde:

– Sikre vegar
– Risikoåtferd i trafikken
– Spesielt utsette grupper i trafikken
– Teknologi
– Tunge køyretøy

Barnas transportplan
Nasjonal transportplan 2018-2029 inneheld for første gang eit eige kapittel om Barnas transportplan. Regjeringa vil:

• Leggje til rette for at åtte av ti barn og unge skal velje å gå eller sykle til skulen
• Styrke trafikktryggleiken for barn og unge
• Leggje vekt på barn og unge sine behov i planlegging og utvikling av transportsystemet
• At det skal leggjast vekt på omsynet til barn og unge i lokal og regional planlegging
• Følgje opp transportetatane og Avinor når det gjeld omsynet til barn og unge i utviklinga av transportinfrastrukturen
• Styrke kompetansen om trafikksikring i barnehage og skule

I planen blir det presisert at barn og unge er dagens og framtidas trafikantar, og dette må det takast omsyn til også i overordna planar.

Vedlegg 3. Overordna føringar

Meld. St. 40 (2015-2016) Trafikksikkerhetsarbeidet – samordning og organisering

Regjeringa legg til grunn at Noreg er verdsleiande innan trafikktryggleik på veg, som følgje av målretta, tverrsektoriell, kunnskapsbasert og langsiktig innsats. Trafikkulykker utgjer likevel eit omfattande samfunnsproblem, og omfanget av tapte liv er uakseptabelt. Trafikktryggleik må derfor framleis ha høg prioritet, med nullvisjonen som eit av hovudmåla for transport-politikken.

Det blir vist til at mange av dei enkle og mest effektive trafikksikringstiltaka er tatt i bruk. Med eit relativt lågt tal trafikkulykker blir ytterlegare reduksjon i talet drepne og hardt skadde stadig meir krevjande og avhengig av auka og felles innsats frå fleire offentlege aktørar. Hovudinnretninga på meldinga er derfor å framheva tverrsektorielle utfordringar og behov i trafikksikringsarbeidet, og slik bidra til betre overordna forankring og auka samordning av den framtidige innsatsen.

I stortingsmeldinga presenterer regjeringa seks satsingsområde:
• Forankring av tverrsektorielt trafikksikringsarbeid på overordna nivå
• Betre utnytting av tilsyns- og kontrollinnsatsen gjennom styrka tverretatleg samarbeid
• Meir effektiv formidling, enklare tilgang og betre utnytting av kunnskap frå ulykkesundersøkingar
• Retningslinjer for registrering av vegtrafikkulykker og auka utveksling av skade- og ulykkesdata

Generelt vil regjeringa vidareføre ei brei tilnærming i trafikksikringsarbeidet, ein målretta innsats mot dei mest alvorlege ulykkestypane og ein målretta innsats mot risikogrupper. Det trafikantretta trafikksikringsarbeidet skal leggjast vekt på.

Nasjonal handlingsplan mot fritidsbåtulykker (2019-2023)

Regjeringa har ein nullvisjon for båtferdsel, akkurat som for vegane. Arbeidsgruppa som står bak handlingsplanen har valt å sette fokus på ni innsatsområde:

- Sikkerheitsutstyr
- Rusmidlar
- Tryggleik ved brygge/hamn
- Fart
- Fartøysikkerheit
- Farleier
- Utleige av båt
- Båtførar sin kompetanse
- Forbetring av faktagrunnlaget

Vedlegg 3. Overordna føringar

I tillegg til dei ni innsatsområda har arbeidsgruppa òg fremja viktigheita av synleg politi og ein effektiv redningsteneste. Gruppa har òg drøfta om det er trong for ytterlegare reguleringar, til dømes ved utleige av båt og kompetansekrav ved føring av fritidsbåtar i høg hastigheit.

REGIONALE FØRINGAR:

- Regional transportplan for Hordaland 2018-2029/Vestland fylkeskommune sitt trafikksikringsarbeid jf. Investeringsprogram. Vestland fylkeskommune sine satsingsområde i trafikktryggingsarbeidet er forankra i budsjettdokumentet for 2020. Desse er:
    - Trafikksikringsarbeid i kommunane
    - Møte- og utforkøyringsulykker utanfor tettbygde strok
    - Mjuke trafikantar i regionsenter og langs skuleveg
- Regionalplan for folkehelse – fleire gode levekår for alle 2014-2026
- Klimaplan for Hordaland 2014-2030

LOKALE FØRINGAR

- Gjeldande kommuneplanar, areal- og samfunnsdel
- Budsjett (årleg) og økonomiplan 2020 - 2030
- Planstrategi for Bjørnafjorden kommune
- Skulebruksplanar
- Rapport. Kartlegging av infrastruktur for sykkel i regionsenter i Bergensområdet. 2018
- Gjeldande TS-planar for Os kommune og Fusa kommune
- Klima- og energiplan
- Vegnorm (under revisjon)
- Folkehelseplan
- Barnetråkk-registrering i tidlegare Os kommune – kartlegging av barn si oppleving av skuleveg og vegar dei nyttar på fritida.
- Eldretråkk i tidlegare Os kommune
- Sykkelstrategi Bjørnafjorden kommune – kommunen starta opp arbeid i august 2020.
- Rapport. Sykkel i Byregionprogrammet. 2017
- Folkehelseoversikt Bjørnafjorden kommune 2019-2022